



Dette flotte kameraet til 2400 kr kan vi vinne julaftan.

Skulemusikken er i flott frammarsj. Det gjeld både musikalsk og på andre felt! No presenterer den driftige, kreative og dyktige leiinga i korpset ein sjølvprodusert adventskalendar. Den inneheld kjempeflotte gevinstar kvar dag fram mot julaftan, og sikrar såleis spenninga for både store og små i den flotte førjulstida.

Styret fortel at dei i år har valt å selje adventskalendar i staden for å gå rundt på bygda med loddbøker. Salget startar i morgon, og salgsperioden varer akkurat ein måned til 29.november. Dei blide musikantane kjem rundt på bygda og sel kalendaren som kostar 100 kroner.

Det er ei imponerende gevinstliste som vert presentert på kalendaren. Styret fortel at dei har møtt svært så positiv velje når dei har spurt etter gevinstar. Det har resultert i gevinstar for over 15.000 kroner. Lista viser stor variasjon, og det er verkeleg noko for einkvar smak; - for både unge og eldre. Gevinsten på julaftan er eit flott Go Pro kamera til ein verdi på 2400 kroner. Elles er det m.a. trøtraktor(verdi 1700 kr.), flotte handarbeidsprodukt og ei rad gavekort med mange spennande muligheter.



21.desember: Trøtraktor(1700kr)

Styret er svært takksame for at dei har fått så flott mottaking, og har møtt slik velvilje når dei har spurt etter gevinstar.

Frå 1.desember vert spenninga kvar dag utløyst ved at vinnarane vert gjort kjent her på uskedalen.no. Gevinstane kan hentast på Zjakk frisørsalong. Då tar vinnarane med seg kalendaren sin. Det må gjerast innan 6.januar.

Vi gjev honnør til damene som styrer skulemusikken som har kome med dette nye flotte tiltaket i førjulstida. Vi er og sikker på at muskarane som kjem på huset og skal selja det spennande produktet, vert godt mottekne.

Av: Thor Inge Døssland.